
Fra: Atle Bondevik <atlbon@online.no>
Sendt: 1. februar 2017 15:57
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Øyvind Stang
Emne: SØRDALSNOTEN 957 m o.h.

Til
Ansvarlig for friluftsliv - natur i Lindås kommune

Her kjem eit innspel som gjeld friluftsliv og profilering av kommunen vår.

Sørdalsnuten 957m o. h.

Som kjendt er dette høgaste punktet i LINDÅS KOMMUNE. Eg er ein som går svært mykje i fjella våre. I 2016 var eg for fyrste gong Sørdalsnuten, ein fantastisk fin plass. 360 gr utsikt, ein ser både langt inn i Modalen til ytre deler av Sogn og heile skjergarden utanfor. Men, kven kjenner til dette, og korleis kjem ein seg dit.

Her er ingen merka sti og det er ikkje heilt lett å finna fram for uvandte folk. Dette burde kanskje kommunen ta tak i. Etter mi meining er det lettast å fylgja T merka løype som går frå Dyrkollbotn mot Skavlabu. Denne løypa går forbi slik ar det er omlag 3 km frå eit punkt i denne løypa og fram til toppen. Det burde verta merka med skilt om høgaste toppen i Lindås, og så merka løype fram. Kanskje eit skikkeleg opplysningsskilt ved varden på toppen. "Eit fantastisk fint høgfjellsområde" med utsikt heilt til havet.

Det er i dag ein stor auke i folk som vandrar i fjellet, og mange vil gjerne ha eit mål å gå etter. Mange samlar på "Kommunetoppar". Dette kan vera med å auka interessa for at fleire vil koma til kommunen.

Eg vil tru at dette kan verta eit mål for mange, men det må verta meir kjendt. Det er mogeleg å merka ei rundløype, slik at ein kan starta og slutta ved Dyrkolbotn Fjellstove/leirskule.

--

Venleg helsing

Atle Bondevik

Telefon: 41 55 99 73

epost: atlbon@online.no